



DEN NORSKE KYRKJA
Klepp sokneråd

Kleppevarden 2
Postboks 101
4358 KLEPPE
klepp.sokneraad@klepp-kirken.no
www.kleppkyrkje.no
Kontonr. 3290.07.71265
Org.nr. 976 993 551

Møtebok.

Frå kl 19:30 til 22:00 Møtedato: 24.02.2016

Frå saksnummer: 11/16 Til saksnummer: 19/16	Møtestad: Menighetssalen
Av utvalet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:	
Medlemmer:	Maria Friestad Bergseth Sikkeland (leiar) Ivar Slettebø (nestleiar) Andreas Haarr (sokneprest) Inger Vassel Myrstad Tor Henrik Nesse Magne Gjesteland Anne Mari Tjåland Tengesdal Magnus Friestad Bjørkavoll-Bergseth
Vara medlemmer:	Inger Christine Roth Jakobsen (1.vara) Rove-Rudi Tobiassen (3.vara)
Andre:	Ingunn D Aandal – sekretær Kjell-Børge Tjemsland - prost
Diverse merknader	Ikkje til stades: Derek Cooper

Sak 11/16 Godkjenning av saksliste og innkalling

Vedtak: *Saksliste og innkalling vert godkjent.*

Sak 12/16 Godkjenning av møtebok av 27.01.16

Vedtak: *Møteboka av 27.01.2016 vert godkjent.*

Sak 13/16 Prostevisitt

Prosten innleia med å sei at det var flott med fasteasamlinga i forkant av møtet . Dette er viktige samlingar som ein bør fortsetja med. Prosten er med på eitt soknerådsmøte annan kvart år og har samling for leiar og nestleiar i sokneråda i prostiet annan kvart år.

- Takk til soknerådsmedlemmane for at dei stiller opp. Soknerådet har ein spesiell posisjon – også som åndelege leiarskap. Sjå stort på det å bli vald inn i soknerådet. Ta med eigen erfaringar og gje kvarandre lov til å vere ueinige. Vis respekt for andre sitt syn der ein er ueinige.
- Det vil dukka opp tunge saker i denne soknerådsperioden:
 - Vigsel av likekjønna
 - 2017- Kyrkja står på eigne bein
 - 2020 – ny kyrkjeordning
- Økonomien for kyrkja i framtida vil endrast – meir og meir må betalast av kyrkjelyden sjølv – viktig i denne samanhengen å *normalisera* gjevartenesta.
- Kontakt mellom stab og sokneråd er viktig. Fint om medlemmane av staben får koma på eit soknerådsmøte og leggja fram korleis stoda er.
- Flyktningsituasjonen vi er oppe i er krevjande. Det er viktig at vi unngår å så meir framandfrykt. Vi må vera gjestfrie, rause og oppmuntra kvarandre.
- Ny arbeidstidsordning for prestane. Tenk gjennom om møter kan leggjust tidlegare på kveldane.

Sak 14/16 Årsmelding

Forslag til årsmeldinga vart drøfta.

Vedtak: *Soknerådet vedtek det føreliggjande forslaget til årsmelding for 2015 med dei endringar som vart gjort.*

Sak 15/16 Rekneskap 2015

Det er eit overskot på kr 236.291 for 2015.

Vedtak: *Rekneskapen for 2015 vert godkjent.*

- a) **Underskot formål 412 Konfirmantarbeid**
*Underskot kr 13.359 formål 412 vert dekkja inn slik:
Kr 3.109 av disposisjonsfond nr. 25600009 Konfirmantarbeid
Kr 10.250 av disposisjonsfond 25600008 Felles ungdomsarbeid*
- b) **Formål 448 Ungdomsarbeid**
 - 1) *Ukrainatur:
Underskot kr 24.415 vert dekkja av disposisjonsfond Nr. 25600000 Disposisjonsfond*
 - 2) *Uanz:
Overskot kr 60.251 vert overført til disposisjonsfond Nr. 25600006 Uanz*

- 3) *Felles ungdomsarbeid:*
Overskot kr 10.250 vert overført til disposisjonsfond Nr. 25600008 Felles ungdomsarbeid
- c) **Formål 410 Trusopplæring**
Kr 10.229 overførast til disposisjonsfond 25600010 Trusopplæring
- d) **Overskot for 2015** kr 193.335 overførast til ubunde disposisjonsfond Nr 25600000

Sak 16/16 Valkomité til Stiftelsen Klepp nye kyrkje

Soknerådet er valkomité til stiftelsen. Valet er på årsmøtet for soknet.

Sak 17/16 Orienteringssaker

- a) Kateketstillinga – Soknerådet var orientert om stoda så langt.
- b) Språkkafé – diakonen vil dra i gang arbeidet i Klepp sokn, men treng fleire med seg. Aktuelle namn på frivillige til å vere med sendast til soknerådsleiar på e-post.
- c) Referat kyrkjemusikalsk arbeid.
- d) Møte med kommunen ang plassering av ny kyrkje. Det blei orientert om arbeidet til plankomiteen.

Sak 18/16 Søknad om støtte til tur for Alpha-konfirmantane

Det er kome søknad frå kateketen om støtte til tur for Alpha-konfirmantane. Dette er ein tur i lag med konfirmantar frå Riska. Han ber om støtte på kr 9.074 frå Klepp sokneråd.

Vedtak: *Soknerådet løyver ikkje noko ekstra til denne turen. Dette må dekkast inn i allereie oppsett budsjett for konfirmantarbeidet.*

Sak 19/16 Ymse

- a) Status konfirmantfest – Inger Christine kallar inn komiteen til møte. Referat frå tidlegare komité er sendt til medlemmane i ny komité.
- b) Avskjedsgudsteneste for kateketen 3. april på Rådhuset. Felles for Klepp og Bore.
- c) Bibelkveldar i Bryne kyrkje. Treng forslag på namn på person som kan vere med frå Klepp.
- d) Nestleiar har vore på årsmøtet til Klepp stasjon kyrkjelyd. Det er kontroll på økonomien etter opp-pussinga. Det er planar om å innreia 3.etasje til rom der barna kan vere.

Ref Ingunn D Aandal
Sekretær